

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal

Møtestad: Ålesund -

Dato: 07.04.2025

Tidspunkt: 10:00 - 15:00

Til stades:

- | | |
|-------------------------------|---|
| 1. Paula Næss Skår | Leiar i Brukarutvalet HMR |
| 2. Janne Remøy Endresen | Nestleiar |
| 3. Atle Tangen | Medlem |
| 4. Kai Knutsen | Medlem |
| 5. Brit Harsem | Medlem |
| 6. Per Øvermo | Medlem |
| 7. Bjørn Aske | Medlem |
| 8. Evy Svanemsli | Medlem |
| 9. Oddrun Annie Stensø Nasvik | Medlem |
| 10. Ann Helene Skare | Andre vara møtt for Lasse Alexander Honningsvåg |

Ikkje møtt:

Lasse Alexander Honningsvåg

Meldt forfall

Frå administrasjonen møtte:

Sekretær Ingrid Fiskerstrand

Merknad i møte:

Pasient- og Brukarombod Hanne Stenseth-Haavde deltok fysisk gjennom heile brukarutvalsmøtet

Møteprotokollen er godkjend i møtet

SAKLISTE

Sak nr.	Tittel
24/25	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/25	Orientering frå administrerende direktør
26/25	Referatsaker
27/25	Oppnemning til råd og utval
28/25	Presentasjon Årsrapport 2024 for Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal
29/25	Presentasjon av Årsrapport 2024 for Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal
30/25	Status Ventetider i Helse Møre og Romsdal
31/25	Handlingsplan 2024-2025 Brukarmedverknad i Helse Møre og Romsdal
32/25	Representasjon til råd og utval - munnleg gjennomgang
33/25	Eventuelt

24/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 24/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Medlem Lasse Honningsvåg hadde meldt forfall til dagens møte. 2. vara Ann Helene Skare møtte.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste

25/25 Orientering frå administrerende direktør

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 25/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Administrerende direktør Olav Lødemel gav brukarane ei orientering blant anna om HMR sine prioriteringar i 2025

1. Økonomisk berekraft
2. Innflytting i nytt sjukehus SNR
3. Ventetidsløftet
4. Helseplattformen
5. Rekruttering

Generell overtid skal reduserast - Ventetidsløftet og innflytting i SNR skal skjermast

Status for april i Helse Møre og Romsdal: Aktiviteten er på plan, ventetidskurven er på veg nedover og frå midten av mai er det full drift på SNR Sjukehuset Nordmøre og Romsdal

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa frå administrerende direktør til vitende.

Brukarutvalet er takksame for at ventetidene generelt sett går nedover, men dei er uroa for om innsparingstiltaka som vert satt i verk går ut over pasientsikkerheita. Brukarutvalet er også svært uroa over det høge talet på utskrivingsklare pasientane som tidvis ligg inne i sjukehusa våre.

26/25 Referatsaker

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 26/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal har gjort seg kjend med følgjande referat:

1. Protokoll frå styremøte i Helse Møre og Romsdal 12.03.2025
2. Protokoll Brukerutvalget St. Olavs - 25.03.25
3. Protokoll HNTs brukerutvalg 14.03.25
4. Protokoll RBU 12.03.25
5. Protokoll RBU 19.03.25
6. Referat Brukerutvalget for SNR 07.03.25

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek dei framlagte referata til vitende

27/25 Oppnemning til råd og utval

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 27/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

- Brukarutvalet har blitt spurt om å stille med ein brukarrepresentant til avslutninga av **Prosjekt We2U**. Det som står att er analyse og artikkelskriving, og det er ønskje om at ein representant kan hjelpe med gjennomlesing av manus etter kvart. Brukarrepresentant Lasse Honningsvåg har følgd prosjektet tidlegare og har blitt bede om å delta i avslutninga.
- Brukarutvalet si deltaking i styremøta fram til sommaren

Vedtak

Brukarrepresentant Lasse Honningsvåg tek del i avslutninga på prosjekt We2U.

Følgjande brukarutvalsmedlemmer deltek saman med leiar i styremøta HMR fram til sommaren.

- Styremøte 09.04.25 - Evy Svanemslis
- Styremøte 21.05.25 - Atle Tangen
- Styremøte 18.06.25 - Per Sigbjørn Øvermo

28/25 Presentasjon Årsrapport 2024 for Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 28/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Leiar i Ungdomsrådet HMR Julie Ramstad deltok via teams og presenterte Årsrapport 2024 for Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal.

Ungdomsrådet har to koordinatore frå samhandlingsavdelinga:

- Marita Øye og Jenni Dimmen

Medlemmane i brukarutvalet var alle einige om at ungdomsrådet gjer ein god jobb. Brukarane er særskild imponert over dei gode referata som ungdommane legg fram etter møta sine.

Brukarutvalet ønskjer å ta del i nokre av sakane som Ungdomsrådet frontar- mellom anna individuell plan og endringar i overgangen frå barn til vaksen i spesialisthelsetenesta. Pasient- og brukarombodet ønskjer samarbeid med Ungdomsrådet i forhold til rettighetsplakatar rundt eigen helse.

Brukarutvalet i HMR ønskjer for framtida eit tettare samarbeid med Ungdomsrådet om aktuelle tema.

Ungdomsrådet ber brukarane ta med spørsmål ut til eigne organisasjonar om rekruttering til Ungdomsrådet. Fleire av medlemmane går ut av rådet no fordi dei fyller 26 år.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek Årsrapport2024 for Ungdomsrådet i Helse Møre og Romsdal til vitende.

29/25 Presentasjon av Årsrapport 2024 for Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 29/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Pasient- og brukarombod Hanne Haavde-Stenseth presenterte Årsrapport 2024 for Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal.

Pasient- og brukarombodet har to føremål. Dei skal vere pasientane og brukarane sitt talerør og ivareta pasientane og brukarane sine interesser og deira rettstryggleik overfor helse- og omsorgstenesta. Dette gjeld både enkeltpersonar og grupper av pasientar og brukarar med samstemde behov.

Ombodet skal gi den som ber om det informasjon, råd og rettleiing, og kan hjelpe til i møte med helsetenesta. Bistanden kan omfatte råd med tanke på kvar ei klage skal sendast, eller utforming av ei konkret klage, som ombodet sender på vegne av pasienten. Ein annan oppgåve kan vere bistand til innsyn i eiga journal.

Brukarutvalet takkar for ein flott presentasjon av årsmeldinga til pasient- og brukarombodet. Presentasjonen vert lagt ut i portalen til brukarutvalet.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek presentasjon av Årsrapport 2024 for Pasient- og brukarombodet i Møre og Romsdal til vitende.

30/25 Status Ventetider i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 30/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Brukarutvalet fekk møte den nye fagdirektøren i Helse Møre og Romsdal, Erik Ganesh Sjøgaard, som presenterte status ventetider i Helse Møre og Romsdal per mars 2025.

Brukarutvalet ønskjer å få tall på ventetider inn i kvart møte i brukarutvalet framover. Viktig at riktig informasjon blir gitt til dei ventande og at ny informasjon som pasienten melder inn, om endringar i tilstand, kjem til riktig instans/lege.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek status Ventetider per mars 2025 i Helse Møre og Romsdal til vitande.

31/25 Handlingsplan 2024-2025 Brukarmedverknad i Helse Møre og Romsdal

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 31/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Leiar i brukarutvalet for HMR hadde ein kort gjennomgang av endringar som har vore gjort i Handlingsplanen for 2024-2025. Handlingsplanen skal sjåast på til kvart arbeidsmøte og jamleg bringast fram i brukarutvalsmøte for redigering, minst to gongar per år.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek Handlingsplan for 2024–2025 (redigert 07.04.25) til vitande. Brukarane sin Handlingsplan vert lagt fram som informasjon til styret i HMR.

32/25 Representasjon til råd og utval - munnleg gjennomgang

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 32/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Oversikt til Brukarutvalsmøte HMR 07.04.2025

	Namn	Deltatt
1	Paula Næss Skår	• 10.03.25 - Brukarutvalet i HMR • 12.03.25 - Styremøte i HMR • 13.03.25 - Styreseminar • 21.03.25 - Arbeidsmøte til BU • 31.03.25 - Ekstra styremøte i HMR • 02.04.25 - Møte i lokalt samarbeidsorgan for forskning
2	Janne Remøy Endresen	• 10.03.25 - BU HMR Teams • 14.03.25 - AIO Teams • 21.03.25 - AU BU HMR Teams • 26.03.25 - SSU, Vestnes Fysisk • 27.03.25 - KEK, Molde Fysisk • 04.04.25 - PSHT Volda Teams
4	Lasse Honningsvåg	• 17.03.25 - Styringsgruppemøte Barneblikk
5	Kai Knutsen	• 24.02.25 - Kvalitet og samarbeidsråd • 26.02.25 - Klinisk etikk komite • 27.03.25 - Klinisk etikk komite

6	Atle Tangen	14.03.25 - LSU- SNR på teams 27.03.25 - KEK i Molde
8	Evy Svanemslis	03.04.25 - Møte i styret for sykehusapotekene i Midt-Norge
10	Bjørn Aske	26.03.25 - Teamsmøte med Kreftforeningen
12	Ann Helene Skare (2. Vara)	25.01.25 - Forberedelsesmøte med Ingrid Løseth ang psyk helse og rus 30.01.25 - Møte arbeidsgruppa psykisk helse og rus 13.02.25 - Møte kvalitetsråd kreft og rehabilitering 07.03.25 - Møte brukerutvalg SNR 17.03.25 - Møte barneblikk

Vedtak

Brukarrepresentant orienterte rundt situasjonen med Barneblikk og kor viktig arbeid som blir utført. Brukarutvalet vil be om ei vidare orientering om Barneblikk i eit kommande møte.

33/25 Eventuelt

Brukarutvalet i Helse Møre og Romsdal si behandling av sak 33/2025 i møte den 07.04.2025

Behandling

Brukarutvalet fekk anledning til å få litt meir informasjon om styresak Økonomisk berekraft frå Økonomidirektør Randi Myhre.

Til informasjon: Sekretær i brukarutvalet, Ingrid Fiskerstrand, skal pensjonere seg frå 1. august 2025. Administrasjonen arbeider med planer for ny sekretær som skal ta over.

Vedtak

Brukarutvalet for Helse Møre og Romsdal tek orienteringa under eventuelt til vitende.